



«MottakerNavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«UtlandsAdresse»

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Synneve Skei	901 46 818	2025/11049-7	«REF»	01.07.2026

Vedtak om pålegg om retting - Myrane barnehage - miljøretta helsevern

Viser tilsynsrapport - varsel om retting – Myrane barnehage – miljøretta helsevern med saksnummer 2025/11049-1, datert 16.10.2025 og til tilbakemelding om inneklimatemålingar datert 16.04.2026.

Tilbakemeldinga om inneklimate er lagt inn i saka vår 2025/11049.

I varselet vart Myrane barnehage pålagt å utbetra avvik og merknad innan 15.05.2026.

Etter forskrift om helse og miljø i barnehager, skoler og skolefritidsordningar, vart barnehagen pålagt oppfyljing av tilstrekkeleg dagslys, sikkert reinhald, tilstrekkeleg areal i rom der barna oppheld seg.

Vi vurderer leik i garderobe og bad/stellerom ikkje tilfredsstillande opphaldsrom for barna i barnehagen.

Barnehagen vart også gjort merksam på å finna andre løysingar for oppbevaring av vogner, og oppbevaring av vaksne sine ute klede.

Vidare har barnehagen vorte bedt om å dokumentera forsvarlege inneklimate ved å utføra ei langtidsmåling på inneklimate (CO₂, fukt, temperatur og radon).

Vi har motteke innklimatemålingar frå Bjørn Røssland som er HMT koordinator Bygg og eigedom den 04.03.2026. Gjennomgang av måleresultata viser at luftfuktigheita ligg på tiltaksnivå i dei fire romma (116 leikerom, 129 leikerom, 136 leikerom, 149 leikerom) som er målt i brukstida.

Gjennomsnittlege timesmålingar innanfor brukstid i perioden 19/11/25 til 18/02/26 var fylgjande:
CO₂: 550 ppm

Fuktighet: 25 %

Temperatur: 22°C

Radon: Alle 4 romma som vart målt, låg under tiltaksgrensa på 100 BQ/m³

Vi kan ikkje sjå at vi har motteke skriftleg tilbakemelding på dei andre krava som gjeld alternative opphaldsrom der dagslys, reinhald og areal vert ivareteke.

Grunnen for vedtak om pålegg om retting:

På bakgrunn av dårleg luftfuktigheit og manglande tilbakemelding på kva tiltak som er gjort for å bedra situasjonen til borna i forhold til leikerom, går miljøretta helsevern vidare med saka med vedtak om pålegg om retting med frist for tilbakemelding.

Gjennomgang av inneklimatemålingane viser at radonnivået ligg gjennomsnittleg over grensa gjennom heile måleperioden, men vi ser ein reduksjon i radonnivået i brukstid då ventilasjonssystemet reduserer konsentrasjonen av radon under tiltaksgrensa.

Ventilasjonsanlegget er frå år 2000, då bygget vart etablert. Det er opplyst frå driftspersonell at ventilasjonsanlegget ofte vert køyrt med høg hastigheit for å få ned radonnivået. Dette kan vera årsak til at luftfuktigheita er under grensenivå slik at lufta vert tørr. Kald luft ute påverkar også resultatet.

Vedtak om retting:

Med heimel i folkehelselova § 14 og forskrift om helse og miljø i barnehager, skoler og skolefritidsordningar §§ 4, 6, 7, 8 og 12 vert vedtak om pålegg om retting gjeve på følgjande punkt:

1. Tilrettelegging for leikerom som sikrar barna godt inneklimate, lys og reinhald.
2. Vidare krev vi ein innsending av plan på drift og vedlikehaldsrutinar¹ på ventilasjonsanlegget, der følgjande punkt vert utført:
 - Kontroll med tilluftstemperaturen
 - Rutinar for filterskifte
 - Kontroll av reimdrift
 - Reinhald av friskluftinntak
 - Reinhald av avtrekksventiler

Vi treng også ein tilbakemelding på om drift og vedlikehaldsrutinane har hatt effekt, eller om anlegget treng ei oppgradering.

Frist for skriftleg tilbakemelding med opplysningar om retting av pålegga vert satt til 31.08.2026 kl 12:00.

Klagerett:

Du kan klage på vedtaket, jamfør forvaltningslova § 28. Fristen for å klage er tre veker. Hugs å grunngi klagen og før opp kva endringar du ynskjer. Send klagen til post@kvinnherad.kommune.no

¹ <http://mrhv.no/wp-content/uploads/2021/08/anbefalinger-for-praktisk-inneklimatearbeid-i-barnehager-og-skoler.pdf>

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Synneve Skei
Konsulent miljøretta helsevern

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til:

Synnøve Handeland
Bjørn Røssland

Rosendalsvegen 10
Rosendalsvegen 10

Mottakarar:

Ann Irene Sæle

KVINNHERAD KOMMUNE